

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Gamal engkultür

Bygdelag: Nedre bygda

Oppskr. av: Jørgen Skjæveland

Gard:

(adresse): Vikeså

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Eng kallar me vodd, utslått har fleire nemningar, t. d. fjedlaslått markaslått, røste-slått, og er der dårley og like kallast det skrapslått. Høyet på vollen kallar me vatløy (= vathøy), utslåttshøyet røste eller rosthøy, ^{vakk-}høy som veks på fuktig grunn så det vert mjukt og stutt små-høy eller støttshøy. Ordet atthie kjenner me ikkje til, men ekra (uttala ei egra) er voll som nyss er lagd att, i notidsmeining: fyrste års høyaoling. Desse nemningane vart bruka i tidlegare tider, no skil ein mellom vroslått og maskinslått.

2. Før skiftebruket kjørde dei ikkje bort all steinen når dei rydja, men lødde han berre opp kring og over store jordfaste steinar. Inni desse røysane vaks så gjerne eik, raun og bjørk. Desse trea, eik og raun kjørde dei heim om vinteren og skov borken av til krøtra, bjørka - og veden av dei andre skaone trea - nytta dei til gagnsved (uttalast gangsvæved som vert nytta til noko gagnleg)

Dette som voks i røysane kalla dei difor skov-ved. Og difor let dei ingen ting liggja i rotwa eller brende det opp.

3. Var vollane mykje mosegrodde bruidde dei myrmoll over vollane. Myrmoll inneheld vissnok kvælstoff så molka var som gjødsel. Sidan då det vart vanleg å skifta med åker og voll, pløggde dei opp vollane som var mosegrodde. Me vit ikkje av at dei sådde grasfrø i voll eller åker føre skiftet. Men gamle folk fortel at skulle ein ~~åker~~ åker leggjast att til voll let dei han berre liggja brakk. Fyrst kom det berre ugras, men om nokre år hadde det vakse til med voll over alt.

4. Frå midten av føre århundrad har det vore kjend å grava atthukka steinsette viter i vass-sjukt jord. Men vatnings-anlegg har aldri vore nytta, for bygda ligg i eit nedbørsrikt distrikt.

5. Føre utskipningane, då det var teigblanding, var åkrane små og mange med breide reinar mellom åkrane. Desse reinane vart lite og inkje hevda (= gjødsla) for dei vart "kvidde" av hevda frå åkrane. På større vollar kjørde dei på myrmoll (nr. 3) Til kvart gardane vart utskipta og vollane vart større, tok dei på å hevda vollane.

Dette gjorde dei alltid om viren. Hevda frå dei ymse husdyra vart nokså mykje blanda i hevdaffoset så det vart ikkje noko større skil på kva slags hevd som skulle nyttast på vollane, i

tilfelle det var skil på kva slags hevd som skulle nyttast, vart hestehevda nytta på vollenne (for ho var så lett å brúa ut=over) og sauehevda på åkrene.

6. Dei hevda ikkje om vinteren. Fyrst i aller siste åra har dei teke til å hevda åkrene om hausten.

7. Utanfor fjøset ~~gav~~^{var} dei ei stor hola, ikkje djupare enn dei kom på fast grunn og så vid som ei lita hústæft. Lamm og tunn hevd seig så frå fjøset ut i denne hola. Dette kallar dei ei mitting, bunde form: mittinga. Tūme kjørde så på tjugewis av lass med myrmoll ned i mittinga og blanda henne med siget (uttala: segja) frå fjøset. Denne molla kallast mittingmoll.

-Det er rimelig at mittingane laga seg sjølv, d. v. s. når dei kjørde ut siget tok dei med den feite jorda under til dei kom på fast grunn. Me veit om at mange bygde slik at det seig ned frå fjøset over jordet.

Og var det så grannen som fekk jordet der nedanfor fjøset etter utskippingen, så kan me godt forstå sogene om skrivaren som ofte fekk arbeid med å avgjera kven det var no som no itte avlingen. - Me skal merka oss at sjølve hevda låg ikkje utanfor fjøset ute, men i smalafjøset der saune gjekk oppå henne.

8. Dei hevda alltid om våren. Dei leste hevda i møkekjerner (uttala: ei

mögekjerra) og kasta hevda utover med ei tung ~~greip~~ jerngreip direkt or kjerra. Då kom det ei gjenta etter med ei sterk riva eller greip og breiddet det jamnare utover. Seinare ^{tidar} tok dei på ei kjöra ris-horva. Dei batt risgreiner saman festa til plogskoglane og la ein tung stukk oppå riset. Med dette kjörde dei sünd hevda når ho hadde vore sprø og oppbløytt av regn. Då gjekk ho så sünd at ho kom bort i grassvoren. Mange brukar enno ei kjöra slik ei ris horv andre har kjøpt ei ^{jern} slik horv til dette bruket. Mögekjerra vart ein kalla skrovkjerra, ~~stjitt~~ stjittkjerra. Slike kjerrer er enno nytta. Dei hev ei dør bak i skrovet (karmen) som kan tokast ut. Dei fleste er vippekjerrer, der skrovet kan vippast bakover og toma lasset. I eldre tider var det mange som kjörde hevda ut på slede. Dei la ei dør eller treflange oppå sleden og klabba hevda til oppå så mykje der tok. På somme bratte gardar bar dei hevda ut i kiper på ryggen. Då hevda hadde turka opp og grasit skulle vaksa opp til vollen, roidde dei vollen, d. e. dei rakte med vanleg höyriva bort hevdeklumpar, og rispinnar og stein or vollen så han skulle verta rein til slatten. Dette dei rakte bort kalla dei ró.

9-10. Om varen bitte dei sauene på vollane for ^{folk} dei tok ei nytta kúlturbete. For grasit hjem seinare i utmarka, og

2019

i den tida må sauene ha god mat sidan dei dei hev små lam. Lume beiter enno, i allfall noko av vollen. Men i dei siste 10 åra hev det vorte ei forandring her. Folk legg meir og meir etter i åa få kulturebiter som sauene går på denne årstida. Kring 17 mai ^{eller tidlegare} jagar dei så sauene av vollen. Om hausten beiter dei alltid kyrne på tåa (=hålen) anna enn på nye akker. Tidlegare gjekk sauene og knakte på vollene heile vintrene når det var snølagt. Men det vert meir og meir avlagd for sauene riv opp rotene og blir sünd grastorra, då. Folk som hev lite eller dårleg markarbeid, gjerar (=hagar) frå nokre stykker av vollen som dei brukar til beite for kyrne heile sumaren, attåt kulturebiter. Eg trur ikkje dei beite eller beiter no vollen med tanke på at vollen dermed vert hevda.

11. Me kjenner ikkje til at dei jamna ut hevda etter husdyra for våren etter då dei hevdar på nytt.

12.-13. og 20. For 100 år sidan var det mange gardar som hadde stolar på fjellet, men no har det minka til berre eit par i heile bygda. På ein stol stod gjerne fleire stolskis inni ein inngjerdad hage, opplidd av stein. Denne hagen kallar me ~~to~~ ei lega. Krotra lig ute i den hagen. Mange andre stader hadde dei berre ei lite lega utan hus. Hagen lig alltid innat ein fjellvegg i. livd for nordavinden. Der

²⁾ På Hovland og i Nishåndel.

inni ligg kröttra om nattra. No kan me ofte finna desse nedlagde legene med stin-gjerdet kring. Desse hagane vart au kalla træe. Eg trur ikkje dei nytta hevda til noko utanfor lega. Graset i desse legene er enno mjukt og grønt. - Var der hús der det budd folk heitte det stól, var det berre ein hage heitte det lega ^{viðstokk} og mindre hage træe.

14. Me kjenner ikkje til at det har vore flyttbare inngjerdingar i bygda.

15. Ved stólane og legene kvikte dei opp eld for å halda i dyra borte.

19. Træe er vel same ordet som trøde.

- Bordkledningen under torvet på torvtak kallar med trød med open ø. - Mange av stólane og legene har fenge stadnamn som brukast den ~~dag~~ dag. t. d. Sveinstól-skaret, Rotnestolen, Lego, Inntre dalen (= inste træe), Trætt-holen.

21. Som tidlegare nemnd hevda dei ^{med myrmoll} vollen av dette kom to nemningar: torvmyr og mollmyr. Torvmyr var ikkje god som hevd, for torvene berre tūrka saman til harde klumpar, Molla i mollmyrane er ikkje så mykje torv. Dei måtte helst kasta opp molla eit års tid i forevegen så ho kunne få frysja sund og tūrka.

(Nr. 3, 5, 7). Lauene gjekk oppå ~~heuda~~ ^(Nr. 8.) heuda. Og for det skulle verte fast å gå på la dei molla, rusk og rø oppå heuda. Dette kalla dei å bosa (av bås). Trike sild ar kjøpt dei sild og let dei liggja i dunge og rottra til hevd.

2019

KULTURBEOGRAFISKE RESEARCHER
PÅ VESTERLIDET

Rag.
Bjerkreim

2578
~~2578~~

Førgen Skjæveland


NORSK ETNO OGISK GRANSNING
ADR. NORSK FOLKEUSNE.
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan
bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over
aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret
hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten
mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid.
Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over.
Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre
frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har
vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon
i Dykkar bygd noko om det ?

Nei, me kjenner ikkje til dette



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka
fiskebein og fiskehovud til brensel ? *Nei*

Har ein bruka kumøkk til brensel ? *Nei*